

**Fra:** Beate Bergsholm (beate.bergsholm@hfk.no)

**Sendt:** 03.08.2017 09:59:46

**Til:** 'Kveik AS'; 'post@glode.no'; 'post@beredt.no'; 'info@opero.no'; 'firmapost@hardangeraks.no'

**Kopi:** Nils Marton Aadland; Dan Stian Femoen; 'birte.nilsen@opero.no'; 'turid@kveikarbeidsliv.no'; 'Steinar Langenes'; 'ktrekve@broadpark.no'; Trygve Botnevik (tbo@beredt.no); 'bjorn@glode.no'

**Emne:** Invitasjon til møte med Hordaland fylkeskommune

**Vedlegg:** image001.png

Til arbeidsmarknadsbedrifter med Hordaland fylkeskommune som eigar.

Kopi til daglege leiarar og styreleiarar

Hei,

Hordaland fylkeskommune held i desse dagar på med ein gjennomgang av eigarskap i ulike selskap og verksemdar. Målet for gjennomgangen er ein ny eigarstrategi for fylkeskommunen. Det er nedsett ei gruppe av fylkesordførar, fylkesvaraordførar (leiar) og gruppeleiarane i fylkestinget. Gruppa har ein heilskapleg gjennomgang av alle selskap Hordaland fylkeskommune har eigarskap i.

I samband med arbeidet med den nye eigarstrategien ønskjer gruppa å møte arbeidsmarknadsbedriftene. Tema for møtet er overordna problemstillingar knytt til dei fem arbeidsmarknadsbedriftene vi har eigarskap i.

**Møtet er satt til 17.august kl 10:00 -12:00** og vi vonar bedriftene har moglegheit til å møte med dagleg leiar og styreleiar. Møtet er på fylkeshuset i Bergen (Agnes Mowinckels gate 5)

I forkant av møtet er det flott om alle sørgjer for at vi har fått protokoll frå siste generalforsamling. Alle medlemene i arbeidsgruppa får informasjon om selskapa med siste årsmelding og årsrekneskap, i tillegg til generell selskapsinformasjon og protokoll frå siste generalforsamling.

**Vi ønskjer at kvart selskap førebur ein kort presentasjon (maks 10 min) av dei viktigaste overordna problemstillingane dei sjår framover.** Vi forstår at det er ein konkurransesituasjon mellom selskapa og at ikkje alle problemstillingar kan takast i eit slikt møte. Om det er trong til det kan vi avtale eigarmøter på eit seinare tidspunkt med kvart enkelt selskap kor også dei andre eigarane blir involverte. I denne runden ønskjer vi som sagt ein overordna orientering og diskusjon.

Etter møtet set administrasjonen i fylkeskommunen av tid til lunsj med selskapa.

Vi ber om attendemelding på kven som kjem frå selskapa.

Ta gjerne kontakt med underteikna om det er noko de treng informasjon om eller ønskjer å ta opp i møtet.

Venleg helsing

**Beate Bergsholm**

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næringsseksjonen



Mob: 455 19 349

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)